

Eidsvik & Selstad Eigedom AS
Børnes 4
5463 Uskedalen

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Dato: 01.01.2024.

**MERKNAD TIL REGULERINGSPLANFORSLAG PÅ HØYRING – BØRNES NÆRINGSOMRÅDE
134/34 MED FLEIRE – PLANID 20190006.**

Viser til forslag til reguleringsplan for Børnes Næringsområde, som er lagt ut til offentlig høyring og ettersyn.

Viser til vår merknad av 29.12.23. Vi har sett meir på dette med støy og vil henvise til:

Planforklaring

Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen

Vedteken av kommunestyret 22.03.2018

2.2. Nasjonale føringar

Ei rekkje rikspolitiske stortingsmeldingar og retningslinjer gjev føringar for arealplanlegging:

☑ T-1442. Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging

Føresegner og retningslinjer

Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen

Vedteken av kommunestyret 22.03.2018

2.8. Støy

2.8.1. Kommunen skal krevje støyvurdering som følgjer gjeldande nasjonale metodar (retteleiar støyvurdering T-1442/2016) ved reguleringsplanlegging og/eller før godkjenning av tiltak for varig opphald i område med risiko for støyplager (jf. pbl. § 11-9, nr. 6 og 8) (i dag T-1442/2021 – vår merknad)

Videre viser vi til Norconsult sin støyutgreiing 25.04.2022 for Grøn næringspark, der ein henviser til gjeldane kommuneplan for Kvinnherad 2018 – Arealdelen. Vedteken av kommunestyret 22.03.2018.

Kvinnherad kommune
Grøn næringspark Kvinnherad
Områderegulering
Støyutgreiing

Oppdragsnr.: 52100060 Dokumentnr.: AKU-01 Versjon: J02 Dato: 2022-04-25

Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune

Oppdragsgjevares kontaktperson: Anne-Lise Næs

Rådgjevar Norconsult AS, Besøksadresse: Uttrågata 6B, NO-5700 Voss

Oppdragsleiars: Ingrid Finne Klynderud

Fagansvarleg: Inge Hommedal

Andre nøkkelpersonar: Tormod Utne Kvåle, Kjell Ove Hjelmeland

Utdrag frå rapporten – kursiv skrift:

.....
3 Føringar

3.1 Nasjonale føringar

Plan- og bygningsloven og den tilhøyrande støyretningslina T-1442

Gjennom § 11-8 «Hensynssoner» i Plan- og bygningsloven skal ein vera sikra at støy er eit tema i kommuneplanen sin arealdel. Ein skal dermed ta omsyn til støy i overordna arealplanlegging og arealbruk.

3.1.1.1 Støy som tema i planarbeid

Gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, vart innført i 2005 og revidert sist i 2021, med iverksetjing 11. juni 2021. Retningslina gjev føringar for dei viktigaste utandørs støykjeldene i samfunnet. For fyrste gong vart handsaming av dei vanlegaste støytypane samla, medan det før T-1442 var eigne nasjonale retningsliner og andre føringar for t.d. industristøy, vegtrafikkstøy, osv.

3.1.1.2 Tilrådde støygrenser ved nye tiltak

Ved planlegging av nye bygg med støyømfintlege bruksføremål og ved planlegging av nye støykjelder bør støygrensene i tabell 2 i T-1442/2021 leggast til grunn. Dei tilrådde støygrensene for aktuelle støykjelder er synte i tabellen nedanfor.2

(Samme tabell 2 – som vi har sett inn i vår merknad av 29.12.23.)

3.2 Kommunale føringar i Kvinnherad kommune

Arealdelen av kommuneplanen for Kvinnherad

Kvinnherad kommune har ein gjeldande arealdel av kommuneplanen, vedteken 22. mars 2018. Temaet støy er omtala under «Generelle føresegner og retningsliner» sitt kapittel 2.4: «2.4 Utarbeiding reguleringsplanar

Vidare er støy omtala under «Generelle føresegner og retningslinjer» sitt kapittel 2.8:
«2.8.Støy

2.8.1. Kommunen skal krevje støyvurdering som følgjer gjeldande nasjonale metodar (retteleiar støyvurdering T-1442/2016) ved reguleringsplanlegging og/eller før godkjenning av tiltak for varig opphald i område med risiko for støyplager (jf. pbl. § 11-9, nr.6 og 8).»

Basert på ovanemde henvisningar tør vi stilla spørsmålet – Kva er årsaka til at Børnes ikkje skal ha nasjonale forskrifter vedrørende støy og støv ? – men uklare og skjønsmessige tilleggbestemmelser og ein forskjellsbehandling i forhold til andre næringsområder i Kvinnherad ?

Som nemt i vår merknad av 29.12.23. ber vi nok ein gong om at de som øverste administrative og politiske leiarar syt for at planomtale og føresegner for Børnes blir ihht. nasjonale forskrifter og aksepterte normer.

Vi må ha lov å forventa at kommunen ved plankontoret forhold seg til føresegner/ retningslinjer gitt i gjeldande Arealdel til kommuneplanen for Kvinnherad.

Ber om at alle nye dokumenter i saka uoppfordra blir sendt oss, jfr. fvl. §17,2 og 3. ledd.

Med venleg helsing
Eidsvik & Selstad Eigedom AS



Svein Arne Eidsvik